

# Høyringsvar til ny forskrift om skyte- og øvingsfelt i sjø

## Bjørnafjorden kommune

### Bakgrunn

- Forsvarsdepartementet har sendt forslag til ny forskrift om skyte- og øvingsfelt i sjø på høyring. Forskrifta definerer skyte- og øvingsfeltene som forbodsområde og det vil som hovudregel medføre at ferdsel, aktivitet og etablering av faste eller midlertidige installasjoner er forbodne i felta. Det blir likevel foreslått ei rekke unntak frå forbodet, mellom anna for aktivitet i felta når Forsvaret ikkje held skyteøvelser.
- Ordinær frist for å senda inn høyringsvar vert sett til 13.12.2021. Bjørnafjorden kommune har etter avtale med Forsvarsdepartementet fått utvida frist for å sende inn høyringsvar til 31.12.2021.

### Uttale til materiale

- Forslaget omfattar heile kysten og inneber at 38 eksisterande skyte- og øvingsfelt blir vidareført, samt at det etablerast 12 nye. 49 skyte- og øvingsfelt blir avvikla. Ingen av dei 12 nye skyte- og øvingsfelta vert etablert i Bjørnafjorden kommune. Det er heller ikkje føreslått ny feltinndeling av dei eksisterande områda innanfor kommunens grenser.
- Forsvaret sitt sjøområde knytt til Korsfjorden er i gjeldande arealdel av kommuneplan for tidlegare Os kommune sikra gjennom eige restriksjonsområde for Forsvaret. I planomtalen står det at «Forsvaret har eit stort område i Ulven og eit skytefelt i Korsfjorden som er bandlagt til militære føremål». Arealføremål under restriksjonsområde er vist som eit fleirbruksområde; «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone», «akvakultur», «fiske» og «ferdsel». I framlegg til ny arealdel for kommunedelplan for Bjørnafjorden Vest (tidlegare Os kommune) er Forsvaret sitt sjøområde i Korsfjorden vist som faresone for militær verksemd og Forsvaret sine interesser er ivaretatt i føresegnene til planen.
- Forsvarets sjøområde knytt til Strandvik K3 er i gjeldande arealdel av kommuneplan for Fusa sikra gjennom omsynssone H380, militær verksemd.

Sona markerer område for skyte- og øvingsfelt for Forsvaret. Innanfor sona er det ikkje tillat med nye faste anlegg eller installasjonar. Unntak: Etablering av nye fortøyingsslinje/ankerfeste knytt til akvakultur-anlegg innanfor H190\_5 og 6 som overlappar med H380 skal avklarast med Forsvaret i søknadsfasen.

### **Kommunens vurdering**

- Konfliktvurderingstabellen viser at Forsvaret ser på ressursutnyttelse i form av akvakultur som potensielt konfliktfylt med Forsvarets aktivitet, dette gjeld både for Korsfjorden og Strandvik. Kulturminner i Korsfjorden anses for å vere lite forenlig med fleire forsvarsaktivitetar på bakgrunn av miljøomsyn og ivaretaking av økologiske samanhengar. Kommunen er kritisk til at forskrifta ikkje konkretiserar korleis ein skal sikre vern av naturmangfold og kulturminner for å imøtekomme nasjonale målsettinger om berekraftig forvaltning av det marine miljø.
- Kommunen meiner det er nok å sikra Forsvarets skyte- og øvingsfelt i sjø gjennom formell regulering av kommuneplanens arealdel og i reguleringsplanar, jf. plan- og bygningslova § 11-7 andre ledd pkt. 4 og § 12-5 andre ledd pkt. 4. Dette blir mellom anna grunngitt med at Bjørnafjorden kommune allereie ivaretar Forsvarets arealbruksinteressar i tilstrekkeleg grad gjennom eksisterande arealforvaltning. Tidlegare har det ikkje vert problemar med å leggja til rette for militær verksemd på denne måten, ettersom nasjonale interesser alltid prioriterast når det er naudsynt.
- Plan- og bygningslova opptre til fordel for Forsvaret, og gjeld både for land, vassdrag og sjø. Forsvarsbygg er gitt innsigelsesmynde for å ivareta viktige militære interesser i planar etter plan- og bygningslova. Kommunen meiner derfor Forsvaret har avgjerande innflytelse på kommuneplanen og alle reguleringsplanar som handsamast i Bjørnafjorden, uavhengig av dei restriksjonane forskrifta foreslår.
- Forskrifta høle ut plan- og bygningslovas reglar for arealavklaring, og innskrenkar kommunens planmyndigheit unødig. Forskrifta sett eit forbod mot utviding av eksisterande næring, som til dømes akvakultur, utan prosessar for medverknad og dialog som plan- og bygningslova sikrar. Det verkar tilsynelatende dominerande frå Forsvarets side å frata kommunen som rettssubjekt moglegheit til å ta avgjersler på eige initiativ og ansvar innanfor

eiga kommunegrense, ref. kommuneloven § 2-1. Forsvaret viser med forslag til ny forskrift tilsynelatande ikkje tillit til at lokalt sjølvstyre evner å ivareta samfunnsinteressar og øvrege nasjonale interessar og verdier i sjø.

- Kommunen meiner òg det er unødvendig å sette ytterlegare begrensningar på moglegheita til å disponera eiga sjøareal i all den tid Noreg er ein fredsnasjon. Eventuelle konflikter skal heller løysast ved god dialog mellom Forsvaret og kommunen tidleg i planprosessen slik at sameksistens mellom til dømes økosystem, berekraftige fiskeri- og havbruksnæringar og rikets sikkerheit oppretthaldast til det beste for fellesskapet.
- I tillegg til dette stillar Bjørnafjorden kommune seg bak Austevoll kommune si vurdering av forskrifta. Dette gjeld særleg ønskje om at det ikkje blir forbod mot ferdsel, aktivitet og etablering av faste installasjonar i kommunen. Akvakultur er ei viktig næring for Bjørnafjorden kommune, og det må vere rom for at kommunen kan drive arealforvaltning og næringsutvikling gjennom dei prosessar som følgjar av plan- og bygningslova.